
Vestlandsrådet
Saksbehandlar: Signe Eikenes
Arkivsaksnr.: 05/00007

VESTLANDSFORSØKET - PLANPROGRAM 2005

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Vestlandsrådet godkjenner forslaget til hovudprioriteringar i planprogram 2005 for Vestlandsforsøket. Vestlandsrådet føreset at Hordaland si handsaming av forslaget til hovudprioriteringar vert innarbeidde i endeleg planprogram 2005.

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

Saksframstilling

SAMANDRAG

I budsjettprogrammet for 2005 har Vestlandsrådet sett av 20,3 mill. kroner til planaktivitetar i forsøket. Vestlandsrådet kan disponere og prioritere midlar til planlegging innanfor desse rammene. I statsbudsjettet er det sett av 16,9 mill kr til planlegging i forsøket, og vi har nå ei overføring frå 2004 på 3,3 mill kr. Totalt disponerer forsøket altså 20,2 mill. kroner til planaktivitetar i 2005. I tillegg kjem 3 mill. kroner til øymerka prosjekt i Rogaland som Rogaland fylkeskommune har finansiert.

Fylkesrådmannen legg med dette fram forslag til planprogram 2005 i Vestlandsforsøket. Med dette planprogrammet vil vi ha god framdrift på dei prosjekta som ligg inne i inneverande periode av NTP (2002–2005) og dei prosjekta som ligg inne i forslaget til Handlingsprogram for (2006-2015). I tillegg til å ta utgangspunkt i dei behov Statens vegvesen har omfatta bestillinga også vurderingar gjort av dei respektive fylkeskommunane for å sikre oppfølging av vedtekne overordna planar.

Vestlandsrådet tok i sak 1/05 Vestlandsforsøket – planprogram 2005 saka til orientering. I etterkant har ny sak om planprogram 2005 vore handsame i samferdselskomiteen i Rogaland og i samferdselsutvala i Hordaland og Sogn og Fjordane.

Vedtak i Samferdselskomiteen i Rogaland 09.02:

Rogaland fylkeskommune slutter seg til forslaget til planleggingsprogram for 2005 med følgjande tillegg:

Rogaland fylkeskommune forutsetter at det foreslåtte planleggingsprogrammet supplerers med Rv 44 Sokndal – vegutredning. Planleggingsmidlene dekkes av Sokndal kommune og Rogaland fylkeskommune.

Samferdselsutvalet i Hordaland:

Hordaland fylkeskommune vil handsame forslag til hovudprioriteringar i planprogram 2005 for Vestlandsforsøket på møte i samferdselsutvalet 16.mars 2005 og fylkesutvalet 31.mars 2005.

Vedtak i Hovudutval for samferdsel i Sogn og Fjordane 15.02:

Hovudutvalet for samferdsel gjorde følgjande samrøystes vedtak:

- 1. Sogn og Fjordane fylkeskommune godkjenner opplegget for planprogram 2005 i Vestlandsforsøket og oversender det til Vestlandsrådet for endeleg godkjenning.*
- 2. Sogn og Fjordane fylkeskommune føreset at planprogram for 2005 vert lagt til grunn for bestilling av planaktivitetar på det "øvrige" riksvegnettet, inkludert rassikring."*

1. Bakgrunn

Fylkesrådmannen legg med dette fram forslag til planaktivitetar for 2005. Dei tre fylkeskommunane i forsøket (Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland) har gjeve sin uttale til planprogrammet. Fråsegnene til forslaget skal, med grunnlag i vedtektene i forsøket, tilleggast avgjerande vekt ved bestilling av planaktivitetar i forsøket.

Vestlandsrådet

Saksbehandlar: Signe Eikenes

Arkivsaksnr.: 05/00007

2. Status for planprogram 2004

Status er at nokre planoppgåver har krevd meir ressursar enn føresett, noko som har resultert i at andre og mindre presserande oppgåver er skyvd ut i tid. Ved utgangen av året ser det likevel ut til at all naudsynt planavklaring for tiltak på øvrige riksvegar som inngår i Vestlandsforsøket og som er planlagt med oppstart i 2006 (reguleringsplan) eller i 2007 (kommunedelplan), er på plass. Det same gjeld tilsvarande tiltak som ikkje er omfatta av forsøket.

3. Føringer for planprogram 2005

Forslaget byggjer på planbehovet som Statens vegvesen sine distrikt og stabar har meldt inn for å sikre gjennomføring av handlingsprogrammet til NTP, andre stortingsvedtak og Vestlandsforsøket.

Programmet omfattar og tiltak som ligg lengre fram i tid og som krev planavklaring for å kunne takast inn i handlingsprogrammet til NTP. Vidare inngår planoppgåver på eit overordna nivå, for eksempel trafikkanalysar og NTP-relaterte planoppgåver. Som ei slik planoppgåve inngår og Vestlandsrådet si bestilling av ein overordna transportplan for Vestlandet.

4. Økonomisk ramme for planprogrammet i 2005

Det samla planprogrammet vert finansiert over ulike budsjettpostar:

0211: Planoppgåver på overordna nivå, inkludert sams vegadministrasjon med overordna planlegging av fylkesvegar og grunnlag for fylkesvegplanar.

0360: Planlegging av stamvegtiltak og tiltak omtalt i Stortingsproposisjonar m.v.

0760: Planlegging av tiltak som inngår i Vestlandsforsøket.

I tillegg kjem planoppgåver med ekstern finansiering, fylkesvegprosjekt m.v.

Forsøket har hand om post 0760, midlar til planlegging på øvrig riksveg. I statsbudsjettet for 2005 er det bevilga 16,9 mill kr, og i tillegg er det overført 3,3 mill. kr frå 2004. Med grunnlag i tidlegare fylkespolitiske vedtak om riksvegbudsjett for 2005 er det lagt opp til følgjande fordeling av planramma mellom forsøksfylka:

	Bevilga 2005	Overført frå 2004	Til disposisjon 2005
Rogaland:	9,4 mill kr	0,8 mill kr	10,3 mill kr
Hordaland:	4,5 mill kr	2,3 mill kr	6,5 mill kr
Sogn og Fjordane:	3,0 mill kr	0,2 mill kr	3,2 mill kr

I tillegg har Rogaland fylkeskommune løyvd 3 mill kr til planlegging av øyremerka prosjekt.

Vestlandsrådet

Saksbehandlar: Signe Eikenes

Arkivsaksnr.: 05/00007

Planramma dekker omtrent det behovet Statens vegvesen ser for planleggingsaktivitet i 2005. I Sogn og Fjordane er ramma for låg, men dette vert retta opp ved å overføre 1,7 mill kr frå løyvde planmidlar på post 30 frå før forsøksordninga tok til i 2003.

5. Større prosjekt i planprogrammet

Planprogrammet byggjer på vedtaka i handlingsprogram til NTP for 2002-2011, regionale transportplanar, Fylkesdelplan for samferdsel i Rogaland 2004-2015 og tidligare vedtak og prioriteringar i fylkeskommunane.

Av større planprosjekt finansierte av post 0760 kan nemnast:

	<i>Prosjektnamn</i>	<i>Plantype</i>	<i>Fylke</i>	<i>Ekstern finans.</i>
Rv 509	Terminaltangenta Sola-Stavanger-Randaberg	Konsekvensanalyse	Rogaland	
Rv 46	Sandsfjord bru	Kom.delpl. /Reg.plan	Rogaland	Rogaland fylk.kom.
Rv 47	Karmøy	Strekingsanalyse	Rogaland	
Rv 47	Haugesund	Strekingsanalyse	Rogaland	
Rv 520	Ny Saudaveg	Reguleringsplan	Rogaland	Rogaland fylk.kom.
Rv 44	Sokndal	Vegutgreiing	Rogaland	Rogaland fylk.kom
Rv 13	Brattlandsdalen	Reguleringsendring	Hordaland	
Rv 7	Hardangervidda	Vegutgreiing	Hordaland	
Rv 48	Årsnes ferjekai	Reguleringsplan	Hordaland	
Rv 48	Årsnes – Løfallsstrand	Reguleringsplan	Hordaland	
Rv 566	Hauge – Lonevåg	Reguleringsplan	Hordaland	
Rv 13	Heilårsveg for Vik	Konsekvensutgreiing/ Fylkesdelplan	Sogn og Fjordane	
Rv 53	Rassikringstiltak Naustbukt- og Midnestunnelen	Reguleringsplan /Byggeplan	Sogn og Fjordane	
Rv 616	Botne – Langesi	Reguleringsplan	Sogn og Fjordane	

Det kan og nemnast at Statens vegvesen har sett av 200.000,- kroner til finansiering av Vestlandsrådet si bestilling av ein overordna transportplan for Vestlandet. I tillegg til dei større prosjekta er det lagt opp til gjennomføring av byggeplanar for ei rekkje mindre utbetringstiltak.

Vestlandsrådet

Saksbehandlar: Signe Eikenes

Arkivsaksnr.: 05/00007

6. Fylkesrådmannen si tilråding

Fylkesrådmannen tilrår at Vestlandsrådet godkjenner rammene for planprogram 2005 i Vestlandsforsøket og at det utgjør grunnlaget for bestilling av planaktivitetar i forsøket.